



10 gode grunnar til å vere konfirmant

1. Du får oppleve kva kristen tru er. Det er noko anna enn eit skulefag.
2. Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
3. Du får oppleve eit nytt fellesskap med andre på samlingar, leir og bli kjent med fleir.
4. Du får tid til å reflektere, tenke kritisk og sjølvstendig om tru og kva kristendom er.
5. Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – kva er viktig for deg?
6. På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.
7. I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets store og små spørsmål.
8. Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjøre for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
9. Du blir del av eit større fellesskap. Berre sjå på #konfirmantene på TikTok!
10. Du møter folk med ulike meininger, og saman med dei lærer du noko felles.

No
er det
din
tur

KONF
IRM
AN
†



Helsing frå
sokneprest Møyfrid Lunde (469 07 231) og
trusopplærar Knut Ove Lofstad (996 16 526)



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid sokn



Ei tid for fellesskap og til å tenke sjølv

Neste år kan du feire din konfirmasjonsdag i kyrkja!
Velkommen som konfirmant i Kviteseid sokn!

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av. Vi håper du vil være konfirmant hos oss!

Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjøre sterkt». Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når du kjem fram og vert bedt for i kyrkja. I bøna bed vi Gud om å velsigne deg og styrke deg på din veg vidare i livet. Konfirmasjonen er ei bekrefting av

og påminning om det Gud har gjeve oss iåpen.

Konfirmasjon er for alle

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja– både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkja. Ynskjer du å delta på samisk konfirmantleir kan du også det, uansett kvar du deltek i konfirman-topplegg. Sjå meir på [kyrkja.no/samisk](#).

Konfirmasjonstida hos oss:

Alternativ 1: Lokale samlingar og felles sommarleir på Gjennestad med andre konfirmantar ei veke sommaren 2024. På sommarleiren ligg det til rette for masse gode opplevingar, felles undervisning og venskap på tvers av kyrkjelydane i Øvre Telemark.

Alternativ 2: Lokale samlingar og pilegrimsturar i Øvre Telemark fire laurdagar i 2024.

Konfirmasjon og dåp:

Er du ikkje døypt og lurer på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje

åleine! Over tusen ungdommar vert kvart år døypte i forkant av konfirmasjonen.

Er du døypt i eit anna land eller eit anna kyrkjesamfunn, skriv du dette som merknad i påmeldinga.

Informasjonsmøte 11. mai

I Kviteseid kyrkje kl. 19-20. Her får interesserte 8. klassingar og føresette meir informasjon om konfirmantåret. Her fastset vi òg når konfirmasjonsdagane for 2024 skal vere i dei ulike kyrkjene.

Påmelding

Etter informasjonsmøtet 11. mai kan du melde deg på via heimesida: [kirken.no/kviteseid](#). Gje beskjed om behov for tilrettelegging. Skriv om du vil ha bibel på nynorsk eller bokmål og kva kyrkje du vil konfirmerast i. Treng du hjelp til påmeldinga, er det berre å ta kontakt! Frist for å melde seg på er 31. august.